



## SOMMARHELING 2014

Barnehageåret 2014-2015 går mot slutten og me kan sjå tilbake på eit innhaldsrikt år. Me kan sjå tilbake på mange kjekke stunder, både på avdeling men òg aktivitetar som har vore felles. I januar starta barnehagen på pilotprosjektet, og det har vore spanande for både barn og vaksne. Det er kjekt å sjå at barna byrjer å kommunisere ved hjelp av teikn ☺

No når året nærmar seg slutten er det òg tid til og sei hadet til førskulebarna, som etter sommaren starta rein ny epoke i livet sitt. Det er vemodig å gje slepp på dei, men me veit at dei gledar seg til skulestart og at dei kjem til å få det bra der. Me håper dei vil sjå attende på barnehagetida med eit smil rundt munnen. Me ønskjer alle lukke til!!!

I forkant av hovudopptaket i vår hadde me ein tanke om å samle alle førskulebarna på ein avdeling. Det såg ei stund ut til at me skulle klare det, men etter kvart vart dei for mange til det. Så me kjem til å halde fram med avdelingane slik me har hatt det i år.

Personalkabalen ser òg ut til å vere ferdig, me har stort sett fått inn folk i dei stillingane me treng. Men eg ønskjer alikevel å nemne at det kan verte endringar.

For mange av barna går det å bytte avdeling fint, medan for andre kan det opplevast som utrygt og litt skummelt. Me prøver no fram mot sommaren å la barna få besøke og vere litt på den nye avdelinga, slik at dei kan verte kjent der.

Eit lite tips til de foreldre er at de , før oppstart, førebur barna på at dei skal bytte avdeling og at der er det og nye barn og vaksne. Snakk gjerne med personalet på avdelinga dersom de er usikre eller lurar på noko. Dei har mykje erfaring med dette og kan nok gje eit råd eller to.

Barnehagen kjem framleis til å halde fram med utvida opningstid. Barna kan leverast i barnehagen kl 07:00, dersom dei melder seg på denne ordninga. Det er vedtatt at barna skal ha max-tid i barnehagen på 9 timar. Vedlagt ligg påmeldingsskjema.

Vil samstundes minne om at det er planleggingsdagar 14 og 15 august, då er barnehagen stengd. Første barnehagedag er 18 august.

Barnehagen er ope heile sommaren. Dersom det er noko de lurar på er det berre til å ta kontakt.

Eg vil til slutt ønskje store og små ein riktig god sommar!